

Naustforeininga Nytt i Naust
Skogsvågvegen 34.
5382 Skogsvåg

14. desember 2017

Organisasjons nr. 914 107 849
Bankkonto nr. 3628.57.74033
<http://naust.org/>

Hordaland Fylkeskommune.
Bergen
Sent via Sund kommune
5382 Skogsvåg.

Søknad tilskot til vern av kulturminne.

Handelsbua på Vorland stod til forfall. I 2017 fekk Naustforeininga Nytt i Naust avtale med eigarane. Odd Klepsvik skreiv notat om Bua si historie. Der vart søk midlar til å reparera tak og veggjar hjå Kulturminnefondet. Dei løyvde kr 38000.-

Det praktiske arbeide starta 19. oktober og 12. desember var arbeidet fullført. Bygningen er 8,7 x 14 meter. Arbeidet vart meir omfattande enn planlagt. Det gamle taket og sutaket vart fjerna. Ein del sperre vart skifta ut. Sperre og vindehus vart retta opp. Nytt sutak og takplater vart monter. Veggjar vart retta opp og ein del kledning vart skifta ut. Dei gamle vindauga skal restaurerast, dei må tørka fyrst og vil verta monter i mars/april.

Den totale kostnaden vart kr 73000.- og det vart utført 850 dugnadstimar.

For at Bua skal få ein rimeleg standar må den malast til våren, mykje av golvet må skiftast og ikkje minst må treverket behandlast med anti mit (mott) middel. Dersom dette vert utført vil den bestå i eit lengre perspektiv.

Me vonar Fylkeskommunen kan støtta dette arbeidet.


Sverre Sangolt

Leiar

Vedlegg

Skjema. Tilskot til verna kulturminne i Hordaland.

Notat Odd Klepsvik.

Tilsagn, Kulturminnefondet.

Bilete 4 stk